


LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 07.11.84
Sakshandsamar Thorsheim	Matr.nr. gnr. 188 bnr. 385 Knarvik, felt C	SAK NR. B-333/84
Byggherre/meldar Anders Haugland A/S	Adr. 5100 Isdalstø	
Saka gjeld Grave- og sprengingsløyve for forretnings- og kontorbygg		
Vedlegg: Søknad dat. 11.10.84 om grave- og sprengingsløyve kvittering for motteke nabovarsel situasjonsplan 1:200 profilar 1:100 MERKNAD: Anders Haugland A/S, som eig tomta mellom eksisterande forretningsbygg og Gjervikvegen, ynskjer å grava av og sprengja ut for eit forretningsbygg på tomta. Bygget er vist 48 x 33 m, ca 1500 m ² grunnflate. Grave- og sprengingsarbeidet er tenkt koordinert med dei tilsvarende arbeida som er igang på nabotomta til Johs. Vatnøy. Dei innsende planane gjev ikkje fullgod oversikt over disponeringa av utomhusareala. TILRÅDING: I samsvar med § 93 1. ledden i bygningslova, og nedanfor nemnde vilkår, vert det gjeve løyve til å utføra gravings- og sprengingsarbeid for nemnde bygg: 1. Før arbeidet tek til, skal bygget plasserast av teknisk kontor etter rekvisisjon og retningane skal sikrast av byggherren. 2. Det skal sendast inn situasjonskart 1:1000 som syner bygget og utomhusareala slik dei er tenkt nytta. 3. Byggjegropa skal sikrast etter kvart som arbeidet går fram, jfr. § 100 i bygningslova. Bygningsrådet godkjenner Fredrik Fosse som ansvarshavande for grave- og sprengingsarbeidet. (§ 98) VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga med følgjande endring: Pkt. 2 skal lyda: Før arbeidet tek til skal det også leggjast fram situasjonsplan i M=1:1000 som syner bygget og utomhusarealet slik det er tenkt nytta. Talet på parkeringsplassar må stå i høve til golvarealet som skal byggjast og til talet på tilsette.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD 	Utskrift sendt til Anders Haugland A/S Lindås Bygg A/S	